

Sluttrapport

Bygda dansar i Buskerud



Foto: Christoffer Søreide



Rådet for folkemusikk og folkedans
Rff-sentret, Dragvoll, 7491 Trondheim

Innholdsliste

Innleiing 3

Innhaldet i rapporten	3
Kjelder og tolkingar	3
Målsetjing og visjon for Bygda dansarprosjekta	3
Pedagogisk og kunstnarleg idé	4

Danseru' 4

Kick-off på Torpo	5
Rekruttering og skulebesøk	5
Lokale øvingar	5
Helgesamlingar	6
Førestillingar, oppdrag og turar til utlandet	7
Trøyst	7
Liti Kjersti	7
Dansemateriale	8
Informasjon, kommunikasjon og media	9
Samarbeid og synergieffekt	9
Utfordringar	10

Økonomi 11

Danseru' inn i framtida 11

Resultat	12
Fagleg fokus	12
Utfordringar	12
Finansiert av	12
Medfinansiert av	12
Nokre av samarbeidspartnarane våre	12

Innleiing

Bygda dansar er eit nasjonalt folkedansprosjekt hovudsakleg retta mot ungdom frå 16 til 19 år. Det er bygd opp av Rådet for folkemusikk og folkedans, og vert i dag drive av Rådet sitt eige senter, Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Rff-sentret. I samarbeid med lokallag i folkemusikk- og folkedansorganisasjonane FolkOrg og NU vert prosjektet gjennomført fylkesvis. Kvart delprosjekt går over tre år. Det får sitt eige namn med eigen prosjektleiar og prosjektmedarbeidar. Sentret har det faglege og pedagogiske ansvaret for alle prosjekta, samt ansvar for planlegging og gjennomføring av dei. Hausten 2012 er det totalt tre aktive prosjekt i Noreg.

Det første prosjektet under namnet Bygda dansar, vart gjennomført som eit pilotprosjekt i Sogn og Fjordane frå 2001-2004. Sidan har Bygda dansar vore gjennomført i Møre og Romsdal frå 2004-2007 og i Oppland frå 2007-2010. I Buskerud starta prosjektet i 2009. Det fekk namnet Danseru'.

Delprosjekta i Bygda dansar vert finansiert gjennom Rff-sentret sine løyvingar frå Kulturdepartementet. Det totale budsjettet per prosjekt har fram til 2012 vore på 3,3 millionar kroner. Av dette bidreg fylkeskommunen med 300 000 kroner.

Innhaldet i rapporten

Dette er Bygda dansar i Buskerud, etter dette kalla Danseru', sin sluttrapport. Den tek føre seg Bygda dansar sine målsetjingar og pedagogiske og kunstnarlege idear, og skildrar gjennomføringa av delprosjektet i Buskerud. Til slutt ser rapporten på Danseru' sine resultat i lys av dei generelle målsetjingane til Bygda dansar.

Kjelder og tolkingar

Eg som skriv rapporten, har arbeidd som prosjektleiar i Danseru' sidan oktober 2010 og fram til prosjektslutt sommaren 2012. Såleis kjenner eg prosjektet frå innsida. Materialet eg byggjer rapporten på, er delvis eigne erfaringar, men også heilårsrapportar, evalueringar og tilbakemeldingar frå medarbeidarar, deltakarar, friviljuge og andre som har hatt interesse og engasjement i prosjektet. Rapporten tek ikkje sikte på å vere ein vitenskapleg rapport, men gje eit heilskapleg bilde av gjennomføringa og måloppnåinga i prosjektet.

Målsetjing og visjon for Bygda dansarprosjekta

Bygda dansar sine delprosjekt ønskjer å styrkje folkedans som kulturarv, kunstnarleg uttrykk og samværsform. Målsetjingane er fleiredele: Først og fremst skal prosjektet sikre at landet til ei kvar tid har gode frilans tradisjonsdansarar, dansepar og ensemble frå mange regionar. Dei skal kunne syne pardans og halling i ulike samanhengar, som del av kulturarven vår, og som del av eit profesjonelt dansefelt. Vidare søkjer prosjektet å utvikle nye idear og teknikkar for formidling, presentasjon og undervisning av og i folkedans.

Lokalt styrkjer prosjektet fagkompetansen for folkedans og folkemusikk i regionen, inspirerer og styrkjer det friviljuge arbeidet med folkedans, gjev ungdom eit tilbod om arbeid med dans på eit høgt nivå, hjelper og støttar opp om dansen som kulturnæring i distrikta og rekrutterer toppdansarar.

Sidan oppstarten av Bygda dansar i 2001, har arbeidet synt at lokal folkedans er ein ressurs for både lokalmiljø, skule og det profesjonelle teater- og scenedansmiljøet. Prosjektet engasjerer kulturarbeidarar og stimulerer til samarbeid mellom kulturinstitusjonar og organisasjonar. Det aukar kulturaktiviteten lokalt og styrkjer den lokale dansen som grunnlag for ny kunstnarleg utvikling og vekst. På lang sikt tilfører Bygda dansar regionen dansarar som er spesialiserte på området sine dansetradisjonar. Dei utviklar tradisjonen vidare i nye og spanande kunstnarlege prosjekt.

Pedagogisk og kunstnarleg idé

Det er Rff-sentret, ved direktør Egil Bakka, som har det pedagogiske og kunstnarlege ansvaret for prosjektet. Sentret har også ansvar for planlegging og gjennomføring i tett samarbeid med lokale ressurspersonar og lag. Gjennom målretta arbeid formidlar Bygda dansar lokal norsk folkedans for ungdom i dei tre siste årskulla i ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen. Dette resulterer i eit spesialisert opplærings- og talentutviklingsprogram for ei ungdomsgruppe i eller utanom skuletida.

Gjennom individuell rettleiing og praktisk øving siktar prosjektet å utvikle skreddarsydd metodar for undervisning i folkedans, og gje kvar einskild deltakar best mogleg dansefagleg utbytte. Der det let seg gjere, vil prosjektet knyte til seg eldre tradisjonsberarar frå fylket for å gje ungdomen større perspektiv på og kunnskap om eigen dans. Målsetjinga er både å utvikle eit lokalt ensemble som kan føre vidare folkedansen i fylket, men også å stimulere talent til å arbeide vidare med dansen sin. Til slutt skal gruppa arbeide med scenisk bruk av dei lokale folkedansane og utvikle to større danseframсыningar for eit større publikum. Den siste av framсыningane, som avsluttar det treårige prosjektet, knytter til seg ein profesjonell koreograf og regissør på høgste nordiske nivå, og vert synt på fleire av dei store scenene lokalt og nasjonalt.

Den pedagogiske metoden tek utgangspunkt i ein individretta metodikk der fokuset ligg på å auke dansedugleiken hos kvar einskild. Gjennom arbeid med få dansar ønskjer ein at deltakaren får større djupne i kunnskapen sin. Undervisninga har romslege og akseptierende haldningar til personleg stil, og oppmuntrar til personleg uttrykk. Gjennom herming og praktisk øving skal deltakaren erfare kunnskapen i eigen kropp og knyte den immaterielle kulturarven sterkare til seg sjølv. Særlege talent vil få spesiell oppfølging. Musikken er ein integrert del av undervisninga, og vert framført av levande spelemenn.

Det pedagogiske arbeidet tek sikte på å inspirere og utvikle lokale dansarar og folkedanspedagogar, samt inspirere og hjelpe lærarar i skulen til å nytte lokal folkedans i undervisninga. Dette skjer ved at folkedansutøvarane vert medarbeidarar i prosjektet, og at lærarar i skulen får tips og rettleiing gjennom eksempel som vert nytta. Einskilde stader får lærarane tilbod om å delta på vidareutdanningskurs i folkedans.

Det kunstnarlege arbeidet søkjer å nytte den lokale folkedansen i nye kontekstar gjennom ulike presentasjonsformer, og gjennom omarbeiding og utvikling av koreografiar. I den kunstnarlege prosessen samarbeider prosjektet med lokale og internasjonale profesjonelle ressurspersonar og institusjonar. Der det er grunnlag for det, vil prosjektet knyte til seg ungdom med bakgrunn frå andre kulturar og inkludere deira folkedans i undervisning og framсыning.



Danseru'

Prosjektet starta hausten 2009 og blei avslutta sommaren 2012. Marte Frihetsli var prosjektleiar frå 2009 til 2010. Frå oktober 2010 tok Gro Marie Svidal over leiarjobben og følgde Danseru' fram til slutten. Martin Myhr var prosjektmedarbeidar gjennom heile perioden.

I førebuinga til prosjektet vart det våren 2009 gjennomført møter for å planlegge og informere medverkande og samarbeidspartar. Kartlegging av ressurspersonar var sentralt. Prosjektleiar og prosjektmedarbeidar vart tilsett i denne perioden, men starta arbeidet først i august. Gjennom hausten blei det arrangert skulebesøk med kurs for lærarar og informasjonsmøte for folkedans- og folkemusikkmiljøet. Frihetsli og Myhr arbeidde aktivt for å byggje nettverk gjennom møter med fylkeskommunen og deltaking på folkemusikkarrangement både lokalt i Buskerud og på landsbasis. Danseru' var også representert på ulike seminar innanfor dans og kulturarv.

Kick-off på Torpo

I oktober braka det laust på Torpo i Hallingdal. 45 ungdomar var med på dansekurs, og om kvelden vart det arrangert dansefest. Gruppa Hallingdal Kraftlag stod for dansemusikken og sytte for at det kokte med 70 ivrige og danseglade ungdomar som dansa runddans, halling og hallingspringar.

I samband med kurshelga inviterte Danseru' til informasjonsmøte for alle folkedansinteresserte i fylket. Her blei det orientert om planar og mål for prosjektet.

Rekruttering og skulebesøk

Det er ei målsetjing for Bygda dansar å nå ut til så mange ungdomar som mogleg. Gjennom skulebesøk kjem ein i møte med lærarar og elevar, og kan introdusere dansen for nye mottakarar og synleggjere at den lokale folkedansen er ein ressurs for skulen. I januar 2010 og januar 2011 blei det gjennomført skuleturné på dei vidaregåande skulane i Buskerud. Dette var skulane Rosthaug, Ål, Gol, Numedal, Ringerike, Drammen, Røyken, St. Hallvard, Åssiden og Lier Vg i 2010, og Kongsberg og Drammen Vg i 2011. Tilbakemeldingane frå besøka var positive, og prosjektet blei kontakta av fleire skular i ettertid som ønskte oss attende. Fordi Danseru' etter kvart fokuserte meir og meir på aktivitet utanfor skuletida, og nytta ressursar til arbeid fram mot slutførestillinga, blei det uråd å prioritere fleire skulebesøk.

Eit unntak vart gjort hausten 2011. I samband med arbeidet med å tileigne seg springaren frå Sigdal, viste det seg at det var få som dansa denne dansen blant dei lokale ungdomane. I eit samarbeid med Sigdal Kommune, Sigdal spelemannslag og Folkemusikksetret i Prestfoss vitja Danseru' Sigdal Ungdomsskule for å lære ut dansen. Dette la grunnlag for eit dansemiljø blant ungdom, som spelemannslaget kunne føre vidare. I tråd med Bygda dansar si målsetjing om å bidra til auka aktivitet og overføring av kunnskap til lokalmiljø, såg leiinga det som viktig å bidra med kompetanse og ressursar attende til Sigdal. I tillegg var det ein naturleg måte å syne takkemd for at leiinga fekk møte tradisjonsberarar i kommunen og hente verdfull kunnskap frå dei i arbeidet med å nytte springaren i Danseru'.

Under skuleturneane blei det i hovudsak arbeidd med dansar som polka, reinlender, reel og halling. Vi hadde med oss lokale spelemenn som sytte for levande musikk. Det var Bente Storbakken, Gunnlaug Lien Myhr, Sjur Hovden Borge, Christian Borlaug, Øyvind Brandsgård, Synne Frogner, Birger Liahangen, Ingunn Stræte Lie, Steinar Strøm og Erlend Viken (opphavleg frå Oppdal, busett i Oslo).

Totalt kom Danseru' i kontakt med opp mot 1000 ungdomar gjennom skulebesøka, og vi fekk ei liste på 406 interesserte som ønskte vidare informasjon om prosjektet.

Lokale øvingar

Dei lokale øvingane er deltakarane sin faste møtestad i lokalmiljøet. Ein eller fleire instruktørar syter for at lokale dansar blir lært ut og at deltakarane får øve kontinuerleg. Danseru' samarbeidde med lokale spelemannslag og ungdomslag i Buskerud for planlegging og gjennomføring av øvingane.

Dei lokale øvingane vart lagt der det var deltakarar. I Nedre del av Buskerud var det få deltakarar, og mange av dei som budde der og som var knytt til Danseru', reiste på faste øvingar i Oslo.

I prosjektperioden blei det gjennomført få lokale øvingar. Martin Myhr hadde ansvar for lokale øvingar på Torpo og på Nesbyen. I Kongsberg blei Danseru' ein del av danseøvingane til spelemannslaget og ungdomslaget, og fleire av deltakarane i prosjektet møtte fast på desse øvingane. Ut over dette blei det ikkje gjennomført lokale øvingar i regi av Danseru'.

Helgesamlingar

Helgesamlingane er dei store møteplassane i prosjektet. Her kjem deltakarane saman frå heile fylket. Det er ein arena der dei byter erfaringar, knyter verdifulle kontaktar seg i mellom og hentar motivasjon og inspirasjon frå kvarandre. Under helgesamlingane vert mesteparten av det lokale dansematerialet lært ut, og det er her dei utvidar danserepertoaret sitt.



Ei helgesamling har i Danseru' sin regi starta med oppmøte fredag kveld og avslutta midt på dagen søndag. Undervisninga har tatt det meste av tida, men det har vore viktig at ungdomane har fått høve til å oppleve dansen som ein sosial møtestad. Derfor vart det arrangert dansefestar eller konsertar med påfølgjande dans laurdag kveld. Festane var opne arrangement og knytte til seg dansarar og spelemenn frå lokalmiljøet i alle aldrar.

Under ei helgesamling samarbeidde Danseru' tett med eit lokalt danse- eller spelemannslag. Det lokale laget stilte som medarrangør og hjelpte til i den praktiske gjennomføringa av arrangementet slik som å lage mat, ordne med nattevakter og stille med dugnadshjelp til dansefestar. For arbeidet fekk det lokale laget ein økonomisk kompensasjon til bruk i det daglege arbeidet sitt med dans og musikk.

I 2010 blei det gjennomført følgjande helgesamlingar med omlag 30 deltakarar pr. samling:

- 6. og 7. februar, Kongsberg
- 23.–25. april, Hønefoss
- 10.–12. september, Nore
- 29.–31. oktober, Torpo

I 2011 blei det gjennomført følgjande helgesamlingar:

- 4.–6. februar i Prestfoss
- 8.–10. april i Hokksund
- 20.–22. mai på Ål
- 16.–18. september på Kongsberg
- 21.–23. oktober på Torpo i Ål kommune

I 2012 blei det gjennomført følgjande samlingar:

- 6.–8. januar på Torpo i Ål kommune
- 17.–19. februar på Slemmestad i Røyken kommune
- 15.–18. mars på Lampeland
- 12.–15. april i Oslo i samband med premieren på slutførestillinga Liti Kjersti

Frå hausten 2011 fokuserte Danseru' arbeidet fram mot slutførestillinga Liti Kjersti. Fram til då hadde samlingane vore opne for alle interesserte, utan forpliktande fast frammøte. Totalt vart det registrert 100 ungdomar som var innom ei eller fleire samlingar. Då arbeidet med Liti Kjersti tok til for alvor, vart det naudsynt å sikre fast frammøte på øvingane. I tillegg var det viktig å spisse arbeidet fagleg. Ei gruppe på 28 dansarar følgde arbeidet fram til siste førestilling i juli 2012.

Førestillingar, oppdrag og turar til utlandet

Bygda dansar søker å utvikle folkedansen for scena, og arbeider målretta med tilrettelegging og utvikling av ein scenedans som byggjer på folkedansen sin estetikk og teknikk. I Danseru' har det sceniske arbeidet gått hand i hand med den faglege fordjupinga i dei lokale dansane, og prosjektet har laga to store sceneførestillingar og fleire små oppvisningar som er blitt vist på små og store scener i Noreg og i utlandet. Som del av dette arbeidet arrangerte Danseru' ein tur til Västanå Teater i Sunne, Sverige, sommaren 2011. Her fekk deltakarane møte teatersjefen og kostymedesignar ved teatret, Leif og Inger Stinnerbom. Dei gav ungdomane eit bilete på korleis dei nyttar folkemusikk, dans og folkedrakter som grunnlag i teatret. Til slutt fekk alle sjå førestillinga Gösta Berlings saga.

Gjennom åra med Danseru' har deltakarane hatt framsyningar på Hurtigruta, under Folkemusikkveka, Jørn Hilme-stemnet, deltatt og markert seg sterkt på lokale og nasjonale kappleikar, opptreid i Polen og Serbia og vore instruktørar i dans lokalt og nasjonalt.

Trøyst

Som del av måloppnåinga laga Danseru' førestillinga Trøyst som blei vist under Folkemusikkveka på Ål i mai 2011, med 140 i salen. Dette vart midtførestillinga til Danseru'. Resultatet blei ei 30 minutt lang danseførestilling der folkedansane i Buskerud var utgangspunktet. Dansane blei presenterte både i si opphavlege form, men også omarbeidde der berre element frå dansane kunne kjennast att slik som stegmønster og rytme. Koreografi og regi var ved prosjektleiinga.

Oppsettinga hadde enkel scenografi og enkle kostyme. Lysmann Sture Moslåttan sytte for magisk stemning og framheva budskapet i førestillinga: Ein ung gut og ei ung jente møtest på internett. Begge er dei usikre og blyge, men på internett vågar dei snakke saman. Når dei til slutt møtest i den verkelege verda, er det ingen av dei som tek mot til seg og tek kontakt. Kring dei dansar andre ungdomar, flørtar og kosar seg og held fest. Kringliggande omstende vil likevel ha det til at dei til slutt kjem saman til dans, og slik vågar dei endeleg snakke saman også i den verkelege verda.

Under oppsettinga av Trøyst samarbeidde Danseru' med Talentskulen i Prestfoss. Talentskulen i Prestfoss er eit instrumentalt folkemusikktilbod til ungdom i Buskerud og omegn. Leiar der var John Ole Morken. Deltakarane i talentskulen fungerte som musikarar under oppsettinga. Dei var også med under prøvene som fann stad på helgesamlingane i februar, april og mai 2011.

Oppsettinga av Trøyst og samarbeidet med Talentskulen var vellukka på fleire område. Talentskulen fekk nye musikalske utfordringar gjennom å spele til dans, og vi fekk god musikk til oppsettinga framført av ungdom på same alder som ungdomane i Danseru'. Fleire av ungdomane i begge prosjekta, som ikkje viste om kvarandre frå før, blei godt kjente, og nokre av ungdomane fekk framtrødande roller som gav dei sjølvtilitt og større meistringskjensle.

Liti Kjersti

Etter kvart som dei ulike Bygda dansarprosjekta er blitt gjennomført, har det knytt seg store forventningar til slutførestillingane. Denne forventninga kjende både leiinga og deltakarane i Danseru', og vi var alle veldig spente på korleis mottakinga av førestillinga ville bli.

Gjennom åra hadde leiinga lagt merke til at fleire av deltakarane i Danseru' var gode instrumentalistar og songarar i tillegg til å vere talentfulle dansarar. Vi såg potensial i å lage ei førestilling der vi kunne nytte alle ressursane i

gruppa, og bestemte oss for å lage ei fram-
syning i skjæringspunktet mellom dans,
teater og musikal.

Leif Stinnerbom blei engasjert som regis-
sør, og Jimmy Meurling var koreograf.
Eldgrim Springgard fekk oppdrag med å
tilrettelegge syngespelet «Liti Kjersti» av
Hulda Garborg, og Arne Moslåttén og
Gunnlaug Lien Myhr fekk det musi-
kalske ansvaret. Gro Marie Svidal og
Martin Myhr hadde det dansefaglege
ansvaret. Svidal fungerte også som
produsent og inspisient.

Arild Jensen kom med som kapell-
meister og musikkarrangør, og
Sveinung Aaker Gundersen og
Sjur Hovden Borge blei med som musikarar. I
tillegg bidrog fleire av deltakarane i Danseru' som musikarar og
songarar.



Det meste av teksten i syngespelet blei framført som song, og fleire av ungdomane i Danseru' debuterte på scena
som songarar.

Arbeidet med Liti Kjersti gjekk føre seg gjennom intensive øvingar på helgesamlingane. Totalt nytta vi fem hel-
ger på å sy saman ei 60 minutt lang førestilling. Det stilte store krav til ungdomane om eigenøving utanom
møtepunkta.

All musikk og dans som blei nytta i Liti Kjersti, har vore i bruk i Buskerud. Nokre av dansane blei framført i si opp-
havlege form, andre blei stykka opp der steg eller stegmønster, rytme og kroppsføring, var basis i koreografiar.

Liti Kjersti blei framført følgjande stadar:

- Riksscenen i Oslo 15. april 2012, med totalt 190 publikum i salen
- Ål kulturhus, under Folkemusikkveka 26. mai 2012, med 268 publikum i salen
- Otta kulturhus, under Landskappleiken 28. juni 2012, med 283 publikum i salen
- Fagernes kulturhus, under Jørn Hilme-stemnet, 26. juni 2012 med 300 publikum i salen

Interne evalueringar frå ungdomane som var med, synte at dei hadde stort fagleg utbytte av arbeidet med Liti
Kjersti. For mange var dette ei inspirasjonskjelde til vidare satsing på dans, og nokre såg på det som eit genuint
høve til å få syne seg fram som utøvarar både for publikum, produsentar, regissørar og koreografiar. Berre nokre få
peika på at det sceniske arbeidet hadde vore meir krevjande enn først trudd, og sakna høve til djupdykk i dansane.

Tilbakemeldingar frå publikum og media var overveldande positive, og fleire ønskte seg framsyninga til sitt
lokale kulturhus. Garborgsentret tok kontakt med spørsmål om informasjon og dokumentasjon av førestillinga.
Totalbiletet syner at framsyninga engasjerte og imponerte publikum, kritikarar, politikarar og byråkratar. Arbeidet
og erfaringa med oppsettinga gav deltakarane, dansarar som musikarar, verdfull kunnskap til seinare arbeid med
dans.

Dansemateriale

Generelt i Danseru'-prosjektet nytta vi tradisjonelle dansar frå Buskerud som utgangspunkt for det dansefag-
lege arbeidet. Ei kartlegging av dansemateriale, resurspersonar og lokale kjelder blei gjennomført i førekant av

prosjektstart i 2009. Det har ført til at både filmopptak av eldre dansarar og dansepar, samt levande kjelder, er tatt i bruk i interpretasjonen og innstuderinga av dansane. I tillegg nytta vi musikk frå lokale spelemenn og spelemannslag. Særleg vil vi trekkje fram arbeidet med springaren frå Sigdal der vi fekk god hjelp frå tradisjonsdansarar og spelemenn frå kommunen. Vi har også revitalisert dansar som har vore ute av bruk. Under følgjer eit utval av dansar som vart nytta i prosjektet:

- Springdans frå Lier
- Reinlender frå Nore og Uvdal
- Polka med ulike lokale variantar frå heile fylket
- Halling
- Springar frå Numedal
- Gangar frå Numedal
- Springar frå Hallingdal med ulike lokale variantar frå heile dalen
- Springar frå Sigdal
- Ein variant av reinlender frå Svene
- Stegaren frå Svene
- Vals
- Masurka frå Sigdal

Informasjon, kommunikasjon og media

Det kan i ein skilde samanhengar vere vanskeleg å nå ut til eit ungt publikum. Danseru' har tatt i bruk si eiga nettside www.bygdadansar.no og facebook for å halde jamnleg kontakt med deltakarane i prosjektet. I tillegg har mykje av informasjonen blitt sendt via tekstmelding og e-post. I arbeidet med Liti Kjersti var det eit godt hjelpemiddel i å legge fellesinformasjon, manus, notar, musikkfiler og videofiler i Dropbox. Internt i prosjektleiinga har telefonen og skype vore flittig i bruk med mange samtaler kvar veke.

Mediedekninga av prosjektet har vore jamn og god. Det har vore skrive om Danseru' i både lokale og landsdekkande aviser. Avisa Hallingdølen har følgd Danseru' gjennom det meste av arbeidet, laga reportasjar, intervju og trykt pressemeldingar. I tillegg har Daneru' hatt store oppslag i blada Folkemusikk og Ungdom. I samband med oppsettinga av Liti Kjersti, fekk Danseru' fleire innslag i NRK P2, Folkemusikktimen, og eit stort mediekorps møte opp på premieren på Riksscenen.

Samarbeid og synergieffekt

Bygda dansar samarbeider tett med FolkOrg og Nu, og kvart delprosjekt vert gjennomført i lag med lokallaga deira. Danseru' har hatt godt samarbeid med Buskerud Folkemusikklag og lokale spelemannslag, samt lokale danseringar i NU. Særleg viktig har det vore å få i stand samarbeid om gjennomføring av helgesamlingar der lokallaga har stått for matlaging, nattevakter, avtaler om leige av lokale og medverka i gjennomføringa av dansefestar. Det vert lagt ned eit stort tal dugnadstimar for kvar samling, eit arbeid som gjev prosjektleiinga betre tid til fagleg arbeid.

Strunkeveko er ein viktig samarbeidspart for Bygda dansar. Strunkeveko er eit årleg sommarkurs i folkemusikk og folkedans på Leira i Valdres, med omlag 100 deltakarar. På Strunkeveko får barn og unge høve til å kome saman på sommartid, lære av kvarande og av profesjonelle instruktørar. I løpet av dei tre åra til Danseru' vart det gjennomført dansekurs under Strunkeveko der Danseru' hadde det faglege ansvaret. Kurset heitte Dans og Uttrykk.

I det faglege arbeidet med prosjektet hadde Danseru' tett samarbeid med Folkemusikksentret i Sigdal. I året då John Ole Morken arbeidde ved sentret, fekk vi god hjelp i det musikkfaglege arbeidet.

Danseru' har knytt til seg eksterne danseinstruktørar og musikarar, og engasjert kulturarbeidarar i heile fylket. Samarbeida er viktig for at prosjektet skal drive på godt fagleg nivå, og er ein vinnvinn-situasjon der prosjektet knyter til seg viktig kompetanse samstundes som vi stimulerer til kulturaktivitet og folkedans og folkemusikk som kulturnæring lokalt. Eit tital lokale danseinstruktørar og eit tjuetals spelemenn har vore engasjerte i løpet av

prosjektet. I tillegg har Danseru' engasjert eit titals unge dansarar som førebilete og medinstruktørar på turar og helgesamlingar.

Utfordringar

Danseru' har i stor grad vore prega av god planlegging og gjennomføring, men som i alle andre prosjekt, har også vi møtt på store og små utfordringar og hinder. I nokre månader i 2010 stod prosjektet utan prosjektleiar. Med redusert bemanning vart det vanskeleg å halde oppe aktivitetsnivået. Det syner også att i rekneskapen der perioden har eit mindre forbruk samanlikna med tidlegare Bygda dansar-prosjekt.

Einskilde stader har det vore vanskeleg å kome i samarbeid med lokale danseringar og spelemannslag. Danseru' har hatt ønskje om å gjennomføre aktivitet i heile fylket, men utan godt lokalt samarbeid, er det nesten umogleg. Nokre gongar har vi likevel valt å gjennomføre helgesamlingar delvis utan medarrangør. Årsakene var at vi ønskte å legge samlingar til dei områda som deltakarane kom frå, eller å lage reisevegen så lik som mogleg for alle deltakarane. Vi syntest det skulle vere rettferdig fordeling mellom kven som til ei kvar tid måtte reise lagt på ei samling, og kven som fekk kort reiseveg. Dei gongane vi arrangerte samling sjølve, måtte prosjektleiinga gjere alt frå matlaging til å fungere som nattevakter. Det seier seg sjølv at det då vert mindre tid til fagleg arbeid.

Fagleg har prosjektet freista å jobbe med dansar frå heile fylket, og målsetjinga har vore å gå i djupna på få dansar. Djupdykket i einsskilde dansar har ført til at einsskilde deltakarar tykte det blei for snevert fokus. Kanskje mista vi også deltakarar på grunn av dette. Fordi prosjektet hadde som mål å spegle danseutvalet i spreinga av deltakarar, blei det i delar av prosjektet til dels ei urettvis vektning av einsskilde dansar. Nokre deltakarar sakna større fokus på dansane frå sitt nærmiljø. Når det er sagt, er det også vanskeleg å gjere alle til lags.

Det var spanande å følgje utviklinga og gruppedynamikken mellom deltakarane. Nokre kjende kvarandre godt frå før, andre fekk nye vener gjennom Danseru'. Ved eit høve kom det fram at to dansarar i same bygd, som kjende kvarandre gjennom skulen, men som hørde til i kvar sitt dansemiljø, ikkje var klar over at begge dansa. Det synte seg at FolkOrg sine medlemmar ofte danna ei gruppe, medan NU sine medlemmar ei anna gruppe under friøktene på samlingane. Likevel fungerte gruppa godt gjennom heile prosjektet, og mot slutten var det tydeleg at skiljet mellom «NU» og «FolkOrg» var blitt mindre.

Buskerud er eit fylke med sterke folkedanstradisjonar, men einsskilde stader er aktiviteten svært låg, særleg gjeld dette nedre del av Buskerud. Det lukkast ikkje Danseru' å få opp aktiviteten i desse områda.

I einsskilde delar av Buskerud er det fleire ungdomar med annan kulturell bakgrunn. Danseru' freista gjennom dei ordinære skulebesøka å rekruttere også desse inn i prosjektet, men det synte seg at ei større og meir målretta satsing mot det fleirkulturelle miljøet må til for å få deltakarar med annan kulturell bakgrunn inn i prosjektet. Våren 2012 kom Danseru' i kontakt med Norsk-tyrkisk kulturfestival i Drammen. Festivalleiinga vitja samlinga til Danseru' i Røyken og oppretta kontakt med deltakarane våre. Det resulterte i at ei av Danseru' sine jenter blei med på ein konsert i regi av Norsk-Tyrkisk kulturfestival i eit samnummer med ei jente opphavleg frå Tyrkia.



Økonomi

Jamfør totalrekneskapen til prosjektet, som er på 3,3 millionar kroner, sit prosjektet att med eit overskot. Ei vesentleg årsak til overskotet skuldast at det tok noko tid å få tilsett ny prosjektleiar i 2010. Då var aktiviteten og lønsutgiftene i prosjektet mindre. I tillegg har det i siste del av prosjektet, vore noko lågare bemanning samanlikna med tidlegare prosjekt. Det skuldast at prosjektleiar ikkje har vore tilsett i full stilling.

Prosjektet hadde ikkje vesentlege utgifter til lokale samlingar då samlingane blei gjennomført i samarbeid med eksisterande danseaktivitet i fylket.

Gjennom heile prosjektet har det vore god planlegging og budsjettstyring. Prosjektet har ikkje møtt på uventa utgifter, men halde seg til aktivitetsplanar og budsjett.

RESULTAT Rådet for folkemusikk og folkedans
BYGDA DANSAR, Prosjekt 2105 BUSKERUD

Danseru' - Bygda dansar i Buskerud

	2009	2010	2011	2012	Samla
Inntekter					
Kulturdepartementet	500 000	1 000 000	1 000 000	500 000	3 000 000
Buskerud Fylkeskommune	50 000	100 000	100 000	50 000	300 000
Andre inntekter			10 000	40 120	50 120
Sum driftsinntekter	550 000	1 100 000	1 110 000	590 120	3 350 120
Utgifter					
Lønnskostnad	329 781	674 254	638 501	613 351	2 255 887
Reiser	67 208	114 008	115 789	214 549	511 554
Andre driftskostnadar	58 301	49 365	168 180	197 403	473 249
Sum driftsutgifter	455 290	837 627	922 470	1 025 303	3 240 690
Resultat	94 710	262 373	187 530	-435 183	109 430

Samla oversikt Bygda dansar ferdigstilte prosjekt

Underskot frå Fjordapuls	-50 023
Underskot frå Snu nordvest	-248 867
Underskot frå Lea de	-268 874
Overskot frå Danseru'	109 430
Akkumulert underskot	-458 334

Danseru' inn i framtida

Fleire av deltakarane og dei unge førebileta i Danseru' har gått vidare med dans og musikk. Nokre er byrja på musikklinje, andre har gått eller går på folkehøgskular med folkemusikk- og folkedanstilbod, og nokre har byrja høgare utdanning innan musikk og dans. I løpet av hausten 2012 finn vi att fleire av deltakarane i Danseru' på profesjonelle konsertar, teaterførestillingar, danseførestillingar og i musikkvideoar. Det er gledeleg å sjå at prosjektet har gjeve dei unge meirsmak og inspirasjon til å halde fram med folkedans, og nokre har offentleg uttalt at dei ønskjer gjere folkedansen til leveveg.

Resultat

- møtt om lag 1000 ungdomar gjennom 11 skulebesøk i økter på 45 minutt
- gjennomført 13 helgesamlingar på fylkesnivå, med omlag 30 deltakarar pr. samling, totalt omlag 100 deltakarar
- engasjert pedagogar og instruktørar, spelemenn og musikarar, samt unge førebilete
- auka fokus på pedagogisk metodeutvikling i tradisjonsdans frå Buskerud
- revitalisert og auka interessa for gamle danseformer frå Buskerud
- stimulert unge talent til vidare arbeid med folkedans
- medverka til fleire profesjonelle frilansoppdrag med folkedans og folkemusikk i Buskerud
- ungdomane har markert seg sterkt med fleire singlar på fylkes- og landskonkurransar i dans og musikk
- medverka til eit godt dansemiljø blant unge og eldre i Buskerud
- markert prosjektet gjennom mange og store medieoppslag i lokal og nasjonal presse
- utvikla to store danseførestillingar med totalt fem offentlege visningar med publikum på omlag 1000
- medverka på festivalar i Noreg og utlandet, og underhalde på små og større arrangement
- stimulert til samarbeid mellom lokallag, institusjonar og kommunar
- skapt engasjement og blest kring folkedansen i Buskerud

Fagleg fokus

- individretta undervisning med fokus på få lokale dansar frå Buskerud
- samarbeid mellom ulike faggrupper
- samarbeid mellom amatørar og profesjonelle
- effektiv utnytting av ressursar
- nytenkjande, analyserande, problemløysande og eksperimentell i undervisninga

Utfordringar

- reduksjon i aktivitet grunna manglande prosjektleiar
- mangel på ressurspersonar og samarbeidspartar til praktisk hjelp utanom dansearbeidet
- balansen mellom djupdykk i einskilde dansar og ønskje frå deltakarane om å få lære mange dansar
- lokale skilnader i arbeidet med dans
- integrering av det fleirkulturelle

Finansiert av


- Kulturdepartementet

Medfinansiert av

- Buskerud fylkeskommune
- Utdanningsdirektoratet

Nokre av samarbeidspartnarane våre

- FolkOrg
- NU
- NTNU
- Folkemusikkveka på Ål
- Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko
- Riksscenen
- Buskerud Folkemusikklag
- Folkemusikksentret i Prestfoss
- Kongsberg spel og dansarlag
- Numedal spel og dansarlag
- Ål spel og dansarlag
- Landskappleiken på Otta
- Leikarringen Huldra
- Hallinglaget i Oslo
- Numedalslaget i Oslo
- Hugnad Ungdomslag
- Sigdal spelemannslag
- Sigdal kommune
- Hurtigruten



Buskerud
fylkeskommune



KULTURDEPARTEMENTET